



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 14.02.12 **Kl.:** 10.00 – 13.30 **Stad:** Møterom på Bømlo sjukeheim
Saknr.: 01/12 – 10/12

MØTELEIAR

Sonja Hellen Sele (H)

DESSE MØTTE

Georg Lønning (FrP)
Kåre Habbestad (SP)
John-Kåre Torkelsen (Krf)
Svanhild Vespestad (Ap)
Terje Olav Nesse (V)

FORFALL

DESSUTAN MØTTE

Ordfører Odd Harald Hovland t.o.m. sak 08/12
Forvaltningsrevisor Aslak Svindland, Deloitte AS t.o.m. deler av sak 08/12
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/Roald Breistein og Elin Molven.

Sakliste:

Saknr.	Sak
01/12	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/12	Godkjenning av protokoll frå møte 28.11.11
03/12	Møteplan for kontrollutvalet for 2012
04/12	Forvaltningsrevisjon – Vurdering av internkontrollsystem i Bømlo kommune – Revisjonsrapport
05/12	Selskapskontroll – Bømlo kommunale eigerselskap AS – Revisjonsrapport
06/12	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016 – Forslag til prosjektplan
07/12	Plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016 – Forslag til prosjektplan
08/12	Orienteringssaker
09/12	Meldingar
10/12	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

01/12 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

02/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 28.11.11

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 28.11.11.

VEDTAK

Protokollen frå møte 28.11.11 vart samrøystes godkjend.

03/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET FOR 2012

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2012:

Dato:	Merknad:
14.02.2012	Under avvikling
21.03.2012	
24.04.2012	
15.05.2012	
04.09.2012	
15.10.2012	
27.11.2012	

HANDSAMING I MØTET

Møtet 15.05.12 vert endra til 16.05.12.

Med denne endringa vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2012:

Dato:	Merknad:
14.02.2012	Under avvikling
21.03.2012	
24.04.2012	
16.05.2012	
04.09.2012	
15.10.2012	
27.11.2012	

04/12 FORVALTNINGSREVISJON – VURDERING AV INTERNKONTROLLSYSTEM I BØMLO KOMMUNE - REVISJONSRAPPORT

FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret ber rådmannen syta for å:

1. arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen
2. sikre at internkontrollarbeidet er basert på systematiske og heilskaplege risikovurderingar
3. gå gjennom styrande dokument knytt til internkontroll for å sikre at desse er i samsvar med og dekkjer krav i relevant regelverk
4. gå gjennom rutinar for å sikre at dei er dekkjande og føremålstenlege for det daglege arbeidet innanfor kommunen sine ulike tenesteområde
5. sikre at dei tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsystemet
6. etablere rutinar for leiinga si gjennomgang av internkontrollsystemet
7. lage ein handlingsplan innan 01.06.2012 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor Aslak Svindland frå Deloitte AS presenterte revisjonsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Instillinga vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

Kommunestyret ber rådmannen syta for å:

1. arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen
2. sikre at internkontrollarbeidet er basert på systematiske og heilskaplege risikovurderingar
3. gå gjennom styrande dokument knytt til internkontroll for å sikre at desse er i samsvar med og dekkjer krav i relevant regelverk
4. gå gjennom rutinar for å sikre at dei er dekkjande og føremålstenlege for det daglege arbeidet innanfor kommunen sine ulike tenesteområde
5. sikre at dei tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsystemet
6. etablere rutinar for leiinga si gjennomgang av internkontrollsystemet
7. lage ein handlingsplan innan 01.06.2012 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

05/12 SELSKAPSKONTROLL – BØMLO KOMMUNALE EIGEDOMSSELSKAP AS - REVISJONSRAPPORT

FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret ber rådmannen og / eller generalforsamlinga syta for at det for Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS vert:

1. gjeve tilstrekkeleg ansvar og mynde til å kunne oppfylle målsettingar i kommunale vedtak og føringar frå eigar
2. vurdert om det er behov for å konkretisere ansvarsforhold i større grad i hovudavtalen
3. avklart ansvaret for handtering av husleigerestansar
4. vurdert om effektmåla for selskapet framleis er aktuelle
5. gjennomført ei evaluering av selskapet og om føresetnadane for å oppnå vedtekne målsettingar for selskapet er til stades

6. etablert ordningar som sikrar at husleiga for dei aktuelle utleigebustadane representerer marknadsleige
7. vurdert finansieringsordningar som kan gje selskapet eit stabilt økonomisk fundament”
8. lage ein handlingsplan innan 01.06.2012 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor Aslak Svindland frå Deloitte AS presenterte revisjonsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

Kommunestyret ber rådmannen og / eller generalforsamlinga syta for at det for Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS vert:

1. gjeve tilstrekkeleg ansvar og mynde til å kunne oppfylle målsettingar i kommunale vedtak og føringar frå eigar
2. vurdert om det er behov for å konkretisere ansvarsforhold i større grad i hovudavtalen
3. avklart ansvaret for handtering av husleigerestansar
4. vurdert om effektmåla for selskapet framleis er aktuelle
5. gjennomført ei evaluering av selskapet og om føresetnadane for å oppnå vedtekne målsettingar for selskapet er til stades
6. etablert ordningar som sikrar at husleiga for dei aktuelle utleigebustadane representerer marknadsleige
7. vurdert finansieringsordningar som kan gje selskapet eit stabilt økonomisk fundament”
8. lage ein handlingsplan innan 01.06.2012 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

06/12 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FOR PERIODEN 2012 – 2016 – FORSLAG TIL PROSJEKTPLAN

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Bømlo kommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.
2. Forslag til prosjektplan dagsett 14.1.2012, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.

HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor Aslak Svindland frå Deloitte AS presenterte forslag til prosjektplan og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Bømlo kommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.
2. Forslag til prosjektplan dagsett 14.1.2012, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.

07/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL FOR PERIODEN 2012 – 2016 – FORSLAG TIL PROSJEKTPLAN

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for selskapa i Bømlo kommune, samt utarbeide forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
2. Forslag til prosjektplan dagsett 14.1.2012, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.

HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor Aslak Svindland frå Deloitte AS presenterte forslag til prosjektplan og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vert gjort nokre redigeringsmessige endringar i prosjektplanen og ny redigert versjon vert å sende sekretariatet.

Forslag til vedtak med dei redigeringsmessige endringane vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for selskapa i Bømlo kommune, samt utarbeide forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
2. Forslag til prosjektplan dagsett 14.1.2012, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Redigert versjon av prosjektplanen vert å sende sekretariatet.

08/12 ORIENTERINGSSAKER

I dette møtet vil det verta orientert om følgjande saker innmeld frå sekretariat, revisjon og utvalsmedlemmer:

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Kontrollutvalet og media <ul style="list-style-type: none">• Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
2	Deloitte	Status selskapskontroll av SIM <ul style="list-style-type: none">• Forvaltningsrevisor Aslak Svindland frå Deloitte AS presenterte status i høve selskapskontroll av SIM og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.
3	Sekretariatet	Status revisjon av kyrkjeleg fellestråd <ul style="list-style-type: none">• Sekretariatet orienterte om at Kyrkjeleg fellestråd no har inngått avtale med Deloitte om at dei skal revidere rekneskapen
4	Sekretariatet	Status registrering i styrevervregisteret <ul style="list-style-type: none">• Sekretariatet orienterte om status når det gjeld registrering i styrevervregisteret

5	Sekretariatet	<p>Kontrollutvalet på heimesida til Bømlo kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet ber om at utvalet sine saker vert lagt inn på møteplanen til Bømlo kommune på same måte som dei andre politiske utvala. • Kontrollutvalet ber også om at informasjon om medlemene i kontrollutvalet må supplerast med e-post, telefonnummer mv. • Utvalet ber vidare om at det vert lagt ut informasjon om kva kontrollutvalet sin rolle er, inkl. link til lover og forskrifter, Deloitte og sekretariatet. Sekretariatet kjem med forslag til tekst til neste møte i utvalet
6	Sekretariatet	<p>Opplæring i kontrollutvalet vidare i 2012</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dokumentasjon frå samling på Solstrand vert å sende til Kåre Habbestad og Terje Olav Nesse på e-post • Kontrollutvalet ber om at kommunalsjef for Helse og omsorg i Bømlo kommune, Kjell Magnar Mellesdal, kjem i møte i utvalet 21.3.12 for å presentere verksemda si inkl. korleis han ser for seg framtida og kva utfordringar han ser. • Det er ønskjeleg at også prosjektkoordinator innan samhandlingsreformen, Anne Beth Njerheim, og einingsleiar, Per Torsvik ved Bømlo sjukeheim, kjem for å presentere sine område • Det er ønskjeleg at leiar i Komité helse og omsorg, Frank Schmidt, også deltar under denne presentasjonen • Det vert sett av inntil 1 time til heile presentasjonen inkl. spørsmål frå kontrollutvalet • Kontrollutvalet ber Deloitte v/ Stein Ove Songstad, arrangere kurs 24.4.12 i korleis ein kan lage gode bestillingar innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
7	Kontrollutvalsleiar	<p>Hendvingingar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalsleiar orienterte om ein del henvendingar ho har fått frå innbyggjarar i Bømlo kommune og svarte på spørsmål frå utvalet

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

VEDTAK

Orientering nr. 1: Kontrollutvalet og media

Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.

Orientering nr. 5: Kontrollutvalet på heimesida til Bømlo kommune

- Kontrollutvalet ber om at utvalet sine saker vert lagt inn på møteplanen til Bømlo kommune på same måte som dei andre politiske utvala.
- Kontrollutvalet ber også om at informasjon om medlemene i kontrollutvalet må supplerast med e-post, telefonnummer mv.
- Utvalet ber vidare om at det vert lagt ut informasjon om kva kontrollutvalet sin rolle er, inkl. link til lover og forskrifter, Deloitte og sekretariatet. Sekretariatet kjem med forslag til tekst til neste møte i utvalet

Orientering nr. 6: Opplæring i kontrollutvalet vidare i 2012 – Til Helse og omsorg

- Kontrollutvalet ber om at kommunalsjef for Helse og omsorg i Bømlo kommune, Kjell Magnar Mellesdal, kjem i møte i utvalet 21.3.12 for å presentere verksemda si inkl. korleis han ser for seg framtida og kva utfordringar han ser.
 - Det er ønskjeleg at også prosjektkoordinator innan samhandlingsreformen, Anne Beth Njerheim, og einingsleiar, Per Torsvik ved Bømlo sjukeheim, kjem for å presentere sine område

- Det er ønskeleg at leiar i Komité helse og omsorg, Frank Schmidt, også deltar under denne presentasjonen
- Det vert sett av inntil 1 time til heile presentasjonen inkl. spørsmål frå kontrollutvalet

[Orientering nr. 6: Opplæring i kontrollutvalet vidare i 2012 – Til Deloitte](#)

Kontrollutvalet ber Deloitte v/ Stein Ove Songstad, arrangere kurs 24.4.12 i korleis ein kan lage gode bestillingar innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Informasjonen vart elles teke til orientering.

09/12 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kommunestyret	Vedtak i sak 106/11 i KST 19.12.11 – Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) sine oppgåver – Høyring
2	Kommunestyret	Vedtak i sak 107/11 i KST 19.12.11 – Godkjenning av framlegg til ny selskapsavtale i SIM
3	Kommunestyret	Vedtak i sak 108/11 i KST 19.12.11 – Lånegaranti Bømlo Vatn og Avlaupsselskap AS
4	Kommunestyret	Vedtak i sak 111/11 i KST 19.12.11 – Karmsund havnevesen – Utviding av låneramma
5	Kommunestyret	Vedtak i sak 120/11 i KST 19.12.11 – Årsbudsjett 2012 – Velferdsplan 2012 – 2015
6	Kommunestyret	Vedtak i sak 04/12 i KST 30.01.12 – Revidert akseptkriteria til bruk i ROS-analysearbeidet mv.
7	Kommunestyret	Vedtak i sak 05/12 i KST 30.01.12 – Oppdatert overordna ROS-analyse for Bømlo kommune
8	Kommunestyret	Vedtak i sak 06/12 i KST 30.01.12 – Ny krise- og beredskapsplan
9	Kommunestyret	Vedtak i sak 08/12 i KST 30.01.12 – Garanti Bømlo kommunale Eigedomsselskap AS

FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Meldingane vart elles tekne til orientering.

10/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR.

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Etter sams drøfting vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

YMSE

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Sonja Hellen Sele
Leiar

Roald Breistein
Sekretær